

magasin fra Universitetet i Bergen

HUBRO

2/
2009
16. årgang

TEMA: RELIGION

Gud eller Darwin?

Dømt til evig pine

Feministbølge i islam



TILBAKEBLIKK: Nansen som nevrobiolog
171 millioner til fremragende forskning

KRONIKK: Hvorfor kvitrer alle plutselig?



- 6 Gud eller Darwin?
- 8 Dømt til evig pine
- 10 Dei naudsynte kjettarane
- 14 Hinduisme: Mange veier til frelse
- 16 **ESSAY** Dyreskinn, staten og islam i Tyrkia
- 19 Feministbølge i islam
- 22 Med Guds blikk i Armenia
- 26 **TILBAKEBLIKK** Nansen som nevrobiolog
- 28 Sildeluktende skatter
- 30 Gutejenter vart feministar
- 32 Tolv millioner i anerkjennelse
- 34 Teori på tiltalebenken
- 36 Banebrytende beregninger
- 38 **KRONIKK** Hvorfor kvittrer alle plutselig?
- 43 **I MOSEN** Ordet fanger

Abonner gratis på HUBRO. Send navn og postadresse til: hubro@uib.no eller ring 55 58 69 00

Gud er ikkje død

Mange nordmenn går aldri i kyrkja eller i andre gudshus. Likevel påverkar religion samfunnet vårt i stor grad. Vi har framleis statskyrkje der 80,7 prosent av den norske befolkninga var medlemmer 1. januar 2009. Til saman nærare fire millionar menneske. Prestar og biskopar har framleis definisjonsmakt i det norske samfunnet. I Noreg kjem religiøsitet også til overflata som framvokster av New Age og engleskular, og innvandrarar tek med seg sine religionar, ikkje minst islam – som er det store spøkelset i Frps skremmeretorikk. Islam er kvinneundertrykkande, ein slik påstand vil svært mange seie seg einig i. Men islam er kanskje mindre trugande enn mange framstiller den som. Forskarane Marianne Bøe og Liv Tønnessen, hevdar at det er innanfor

islam at dei store feministiske slaga står i dag, og dei omtalar islam som ein svært dynamisk og bevegeleg religion. For også religion tilpassar seg moderne tider. Helvete har byrja å bli umoderne, i India skyt New Age-rørsler fart, medan tyrkarar nektar å la seg sekularisere og ofrar dyr via sms.

Bergens forskningsstiftelse og UiB har inngått avtaler om tildeling av 171 millionar kroner til unge forskarar. MatNat-faga dominerer sterkt. Stéphanie Le Hellard, Jørn Jacobsen og Nathalie Reuter er dei førebels siste i rekkja av forskarar som har motteke midlar frå rekrutteringsprogrammet til Bergen forskningsstiftelse (BFS). Les om kva dei forskar på i denne utgåva av Hubro.

HUBRO Nr 2/2009 Magasin fra Universitetet i Bergen. Kommer ut med 4 utgaver pr. år / **REDAKSJON** Ansvarlig redaktør: Torny E. Aarbakke / Redaktør: Elin F. Styve, elin.styve@uib.no / Temaansvarlig: Hilde K. Kvalvaag, hilde.kvalvaag@uib.no / Journalister i dette nr: Inger Lisbeth Ødesneltvedt / Walter N. Wehus / Kim E. Andreassen / Kjerstin Gjengedal / Gudrun Urd Sylte / Eivind Senneset / Åsne Hagen / Grafisk form: Lars O. Haaheim / Christian Bakke, Formidlingsavdelingen, UiB / **REDAKSJONSRAÐ** Post.doc. Mette Andersson / professor Tore Furevik / professor Ole Didrik Lærum / forsker Tone Hellesund / **ADRESSE** Nygårdsgt 5, 5015 Bergen, tlf: 55 58 69 00 / Besøksadresse: Nygårdsgt 5 / E-post: hubro@uib.no / Abonnementet er gratis / **OPPLAG DETTE NUMMER** 17 000 / Trykk: Bodoni / Framsidefoto: iStockphoto / Universitetet i Bergen har om lag 14 500 studenter og 3 200 ansatte / Rektor: Sigmund Grønmo / Universitetsdirektør: Kari Tove Elvbakken / ISSN 1503-9919 / For annonser, kontakt redaksjonen

UiB er medlem av World University Network (www.wun.ac.uk), og Coimbra-gruppen (www.coimbra-group.eu), en samling av tradisjonsrike europeiske universiteter.

Hubro (lat.: Bubo bubo), den største av uglene våre. Den er en typisk vestlandsfugl, og en truet dyreart. Hubroen er klarsynt og klok, og er kjennetegnet i Universitetet i Bergen sin logo.



Langsom mat skyter fart

Italieneren Carlo Petrini ble så rasende over at McDonalds hadde åpnet restaurant ved Spansketrappen i Roma at han satte i gang Slow Food-bevegelsen.

■ TEKST: WALTER WEHUS

Nå fester Slow Food grepet også i Norge.

– Mangelen på identitet i norsk mat er oppsiktsvekkende i europeisk sammenheng, sier Thor Øivind Jensen. Han er en av flere ved UiB som forsker på Slow Food.

– Man er mer interessert i mat enn før. Kokebøker selger bedre enn pornografi, man trenger ikke lage alt, men det er lekkert å se på, sier Thor Øivind Jensen som er førsteamanuensis.

Hvorfor skal en førsteamanuensis ved Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap bry seg om hva vi spiser?

Koblingen viser at Slow Food-bevegelsen tvinger både akademikere, politikere og forbrukere til å tenke nytt.

– Slow Food kobler folks dårlige samvittighet overfor miljøet, med nytelse, og ubehag over det man finner i frysedisken på Rema 1000. Personlige ting som spørsmål om smak og egen identitet blir ikke problematiske og egoistiske, men en politisk tenkemåte knyttet til fattigdom, klima og kultur. Det er klart dette har sprengkraft, sier Jensen.

Han arbeider med dynamikken i interesseorganisasjoner, og ser på organisasjonen Slow Food som et nytt fenomen i det senmoderne samfunnet.

Fra raseri til gourmetklubb

Slow Food ble altså etablert i Italia i 1989 av matjournalisten Carlo Petrini.

Slow Food var først en gourmetklubb som skulle forsvare den italienske maten og tradisjonen. Dette førte til økt fokus på råvarene, på småskalaprodusenter, og rent kjøtt. Etter kort tid fikk bevegelsen en enorm tilslutning i Italia, og resten av verden kom etter. I dag har organisasjonen rundt 100 000 medlemmer i 132 land.



SLOW FOOD: Hval med solsikkefrø, grønnkål og gressløkblomster. Mat fra Hanne Frostas kjøkken på spisestedet På Høyden. (Foto: Thor Brødreskift)

Vil ha UiB med i samarbeidet

– Denne organisasjonsformen er typisk for det postmoderne politiske. Slow Food er på samme tid en bedrift som selger ting, en sertifisering for matvarer, et nettverk for bønder, og en politisk organisasjon. I tillegg mottar de støtte fra det offentlige og noen næringsorganisasjoner, sier Jensen.

– Det er nye typer koblinger som vi kaller nodal governance. Det må mer ses som knipper av ulike aktører og interesser rundt et senter. Motsetningen er speiderbevegelsen eller det politiske partiet SV, som er én enkel og ryddig form.

Thor Øivind Jensen er selv med i bergensdelen av Slow Food. Han mener UiB burde gjøre som enkelte andre universiteter og bli en del av Slow Food-nettverket.

– Det ville vært positivt både forskningsmessig og for næringslivet på Vestlandet. Fylkesmyndigheter, turismen og småprodusenter av lokal mat er allerede koblet til Slow Food. Oppdrettsnæringen har her en sjanse til å tilpasse seg nye verdier.

De andres smak

Wigdis Espeland er etnolog og amanuensis ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitenskap, i tillegg til å være avtroppende leder i Slow Food Bergen. For tiden arbeider hun med et

forskningsprosjekt som ser på hvordan smaksforskjeller i mat kan dokumenteres. Utgangspunktet er forskjellen på håndbrygget øl og industribrygget øl.

Hun forteller at det den siste tiden har vært økt fokus på mat og mattradisjoner i Norge, og at dette er et felt det har vært lite forskning på.

– Vi vet for lite om de norske mattradisjonene. Jeg er opptatt av at vi må være bevisste på hva de gamle håndverkstradisjonene er, og hva som skjer når man begynner med småskalaproduksjon. Når man går fra å lage noe hjemme for eget bruk til å gå over på en småskalaproduksjon, er det en annen måte å gjøre ting på. Hvilke kvaliteter tar du tak i og bygger videre på? spør Espeland.

Slow food rører seg

Selv om Slow Food sies å være i vinden, og restauranter som Spisestedet På Høyden i Bergen utelukkende serverer lokal mat etter Slow Food-prinsippene, innrømmer Thor Øivind Jensen gjerne at dette for øyeblikket er forbeholdt de velstående.

– Det starter som noe for de spesielt interesserte, noe som er dyrt og vanskelig. Men det blir mer stadig vanlig. Det risler nedover i systemet. I tillegg er dette også for småprodusenter som ikke har noe annet sted å gjøre av seg, sier han. ■

[PÅ HØYDEN]

Fleire vil til UiB

Etter at tala frå Samordna opptak er lagt fram er det klart at UiB har elleve prosent fleire søkjarar enn i fjor. Lærarutdanninga ved UiB utmerkar seg som den mest populære.

Dei to andre store universiteta i Norge går også fram, både UiO og NTNU aukar med rundt seks prosent. Også på landsbasis er fleire interesserte i å ta høgare utdanning. Den nasjonale auken er på åtte prosent samanlagt.



FOTO: Paul-Erik Rosenbaum

Viserektor for utdanning ved UiB, Berit Rokne, seier i ei pressemelding at universitetet er godt nøgde med auken, sjølv om det i og for seg ikkje er overraskande at fleire vel å søkja høgare utdanning for å vera betre rusta mot lågkonjunktur-tider.

Druer glemmer ikke

Allerede i romertiden hadde man utviklet et språk for å atskille smaker og gjøre det mulig å meddele opplevelsen av vin. Nå arrangerer filosofiprofessor ved UiB, Ole Martin Skilleås, akademisk vinseminar. Philosophy of Wine Conference skal bidra til økt forståelse for hvordan man oppfatter og bedømmer vin og se på hvordan nettopp vin kan belyse problemer knyttet til estetikk og persepsjon.

– Det sies at druer ikke glemmer. Dette betyr at vinens smak preges av alt fra jordsmonn til subjektive opplevelser. Vinen knytter sammen forskning fra berggrunn til hjerne, det vil si alt fra geologer til psykologer, mener Skilleås. I noen eksperimenter har det vist seg at hvis man serverer hvitvin som er farget rød, vil respondentene smake og bedømme vinen som om den var en rødvin. Skilleås påpeker at dette er et eksempel på hvor stor betydning våre forestillinger om objektet har for hva vi oppfatter og hvordan vi bedømmer det. Han mener slike eksperimenter sier oss noe viktig om kunnskap, forforståelse og oppmerksomhet.



FOTO: iStockphoto

Vaginamonologene



FOTO: Liivo Niglas

«If the vaginas had teeth, the penises would be finished» synger de eldre kvinnene fra Shona-folket i Mosambik under det årlige regnritualet. I løpet av en uke deltar kvinner og menn i ritualer som for det meste består i vulgære sanger og ditto gestikuleringer. Og bare kvinner som er over menopausen får være med, de yngre jages bort.

Regnritualet er et såkalt reverse ritual, hvor kvinner og menn bytter kjønnsroller.

Kvinnene skal være vulgære og obscøne og oppføre seg som menn. Det er virkelig om å gjøre å «ta» mennene, forteller Frode Storaas ved Bergen Museum. Ritualer blir sett på som for vulgært for «moderne» mennesker, men ute på landsbygden brygger fremdeles kvinnene øl til bruk i ritualer. Krukken blir sett på som kvinnelig, rørepinnen som mannlig.

Storaas er første sosialantropolog som har fått lov til å dokumentere ritualer på film. Han mener ritualer er viktig å få dokumentert siden det står i fare for å forsvinne. Han tror filmen kan brukes i undervisning og være en kilde for både folklorister og antropologer til å tolke ritualer videre.

KOLS er arvelig

KOLS (kronisk obstruktiv lungesykdom) er tett knyttet opp til røyking, men lungeforskere har i lang tid prøvd å finne ut hvorfor noen røykere utvikler sykdommen og andre ikke. Amund Gulsvik og Per Bakke, forskere ved Institutt for indremedisin ved UiB, har i samarbeid med amerikanske forskere funnet fram til to gener som gir økt sjanse for å utvikle KOLS.

Resultatet viser at også KOLS-pasientenes familiemedlemmer som har disse to genene, i større grad enn andre har anlegg for å utvikle sykdommen.

Men funnet av disse genene er bare et steg videre på veien til diagnostisering og behandling av KOLS-pasienter. Målsetningen er å finne mekanismen som fører til ødeleggelse av lungene. Lykkes dette, kan genene eller egghvitestoffet de produserer, blokkeres for å unngå sykdom.

Ettersom KOLS er et helt syndrom, med undergrupper som emfysem og kronisk bronkitt, skal forskerne videre undersøke om genene er sterkere relatert til noen av disse undergruppene.




FOTO: Gudrun Sylte

Kartlegger cellenes signalsystem

Makrofager er immunforsvarets krigere som rett og slett spiser bakterier, virusinfiserte celler og andre trusler. Unifobs Avdeling for beregningsvitenskap (BCCS) har vært med å kartlegge hvordan gener regulerer hverandre når makrofager blir dannet.

– Forskningsresultatene bidrar til det siste steget som er nødvendig for å vite hvordan en skal få stamceller til å lage makrofager, sier Boris Lenhard, gruppeleder på Computational Biology Unit ved Avdeling for bergningsvitenskap.

BCCS bidro med dataanalyse i det internasjonale forskningsprosjektet FANTOM 4. Forsknings samarbeidet har blant annet resultert i tre artikler i tidsskriftene Nature Genetics og Nature. I genene ligger det lagret mengder av informasjon som blir kopiert av RNA. Dette setter i gang cellereaksjoner på molekylnivå. Forskerne i det internasjonale prosjektet har dannet seg et godt bilde av hvordan ulike genetiske uttrykk danner forskjellige celleforandringer. De har klart å identifisere hvor i DNAet RNA-kopieringen starter og hvilket genetisk innhold som kopieres. Gjennom å se hvilken informasjon som blir kopiert, kan en finne ut hvilken type celleendring akkurat denne beskjeden fører til. Den nye kunnskapen om hvordan gener kontrollerer tilstanden til celler ved hjelp av molekylære nettverk, kan muligens bidra til å oppdage kreft på begynnerstadiet.



ILL.: iStockphoto



FOTO: iStockphoto

Nåler mot knesmerter

Kroniske knesmerter kan skyldes en feil i nervesystemet og behandling med akupunktur har en gunstig effekt. Det oppdaget doktorgradstudent ved Institutt for samfunnsmedisinske fag ved UiB, Rune Jensen, da han tok i bruk akupunktur for å teste ut teorien om feilaktige nerveimpulser.

Frem til nylig har ingen hatt noen god forklaring på hvorfor mange unge, aktive personer er plaget med knesmerter. Tidligere trodde man smertene skyldtes feilfungerende muskelstruktur, men Jensen valgte i stedet å se på nervesystemet. Akupunktur påvirker nervesystemet direkte og viste seg å ha god virkning. Det støtter teorien om at kroniske knesmerter skyldes feilaktige nerveimpulser.

Testpersonene som fikk behandling to ganger i uken over fire uker ble vesentlig bedre med akupunktur. Jensen forteller at hele 90 prosent blir friske med akupunkturbehandling, mot 60 prosent med tradisjonell behandling. Rune Jensen anbefaler derfor akupunkturbehandling mot kroniske knesmerter. Det er i tillegg en billig og risikofri behandling uten bivirkninger.

Fatale følger

Einkvar dom i ein rettssal er basert på ei forteljing, men falske forteljingar kan få fatale følgjer. I forskningsprosjektet *Justismordets dramaturgi – om konstruksjonen av falske forteljingar i retten* vil litteraturprofessor Arild Linneberg finne ut av kva som fører til falske forteljingar og justismord. Han vil gjenreise jussen som ein humanistisk disiplin og meiner humanistar og juristar har mykje å lære av kvarandre.

Linneberg meiner det i dag er eit manglande medvit om fortolking og retorikk. I justismordet er forteljinga rein diktning der retten konstruerer ei historie for å felle ein dom. Juristane må tolke teikna riktig. Historia om justismordet byrjar allereie i etterforskinga, seier Linneberg.



FOTO: Kristian Bråthen

Ifølge Linneberg er dette det første forskningsprosjektet på UiB på tvers av humaniora og juss. Han meiner at humanistar kan bidra med kunnskap om teatralitet, etikk og retorikk i forhold til jussen.

Han seier at målet i det lengste løpet er å styrke rettstryggleiken ved å hindre at fiktive forteljingar vert konstruert.

Hiv bekjempet i Kambodsja

For å få kontroll over hiv-spredning i Kambodsja stengte myndighetene bordeller som ikke tilbød billige kondomer. I tillegg deltok prostituerte i opplysningskampanjer om smittefare og fikk gratis behandling for kjønnssykdommer. I dag regnes denne «100 prosent kondom-strategien» som hovedforklaringen på Kambodsjas vellykkede forebygging mot HIV. På sitt verste, rundt år 2000, var fire prosent av menn og kvinner fra 15 til 49 år smittet, mens etter ti år var antallet redusert til 0,6 prosent. Dette sier Heng Sopheab, stipendiat ved Senter for internasjonal helse, UiB. En følge av kondomstrategien var at spredningsmønsteret endret seg. Fra å være knyttet til kjøp og salg av sex, skjer smitten nå først og fremst innenfor ekteskapet. Det er ikke lett å sette i gang virkningsfulle tiltak som griper direkte inn i familielivet, men myndighetene har satt i gang opplysningskampanjer som oppfordrer til kondombruk innad i familiene.



FOTO: Kim E. Andreassen

I Darwin-året 2009 kjempar framleis sterke religiøse krefter for retten til å meine at evolusjon ikkje finst. Korleis kom biologifaget til å bli ei så stor hindring for gudstrua?

■ TEKST: KJERSTIN GJENGEDAL

Opp gjennom historia har tilhøvet mellom religion og vitenskap forandra seg mykje. Ein vitenskapsmann frå seinmiddelalderen ville bli overraska over å høyre at vitenskapen i våre dagar skulle vere eit trugsmål mot gudstrua. På den tida var alle kreasjonistar, på den måten at alle kristne tok for gjeve at jorda og livet var skapt av Gud. Vedundera i naturen vart tekne som prov på Guds allmakt, og gjennom å studere skaparverket, kunne mennesket lære Gud betre å kjenne. Etter kvart førte arbeida til vitenskapsmenn som Newton, og seinare Darwin, til at Gud fekk ei meir tilbaketrekt rolle. Han var ikkje lenger nødvendig for å forklare mange av dei prosessane som går føre seg i naturen og i universet.

Darwin punkterte gudsbeviset

– Stiller ein seg på kyrkjetrappa og spør folk kvifor dei trur at det finst ein Gud, får ein i hovudsak to typar svar. For det første har ein dei som har hatt ei personleg oppleving. Dei kan ha blitt friske av ein alvorleg sjukdom, eller fått ei spesiell kjensle av at Gud er nær. For det andre har ein dei som aldri har opplevd noko slikt, men som likevel kan sjå på alt det flotte som finst i naturen og få kjensla av at det må stå ein Gud bak. På 1500-talet var dette eit heilt tilstrekkeleg gudsbevis. Problemet med Darwin er at han gav ei ikkje-religiøs forklaring på korleis livet kunne bli til, og dermed punkterte han dette gudsbeviset. Det er dette gudsbeviset kreasjonistane i Europa kjempar for å få ha i fred, medan dei amerikanske kreasjonistane heller slåst mot den generelle samfunnsutviklinga, forklarar professor i biologi, Jarl Giske.

I dag er kreasjonismen, saman med den avleggaren som blir kalla intelligent design, først og fremst eit amerikansk fenomen. Kreasjonismen kan knytast til fundamentalistisk, protestantisk kristendom, som medfører ei bokstavleg lesing av Bibelen. I 1910 vedtok generalforsamlinga i den presbyterianske kyrkja i USA nokre fundamentale prinsipp, mellom anna at Bibelen er ufeilbarleg, og dermed også den bibelske presentasjonen av skapinga.

Skil mellom evolusjon og darwinisme

Sjølv om fleire europeiske land dei siste åra har opplevd konflikter kring evolusjonen sin plass i skulen, er kreasjonismerørsla framleis eit marginalt fenomen her. Giske trur dei fleste europeiske kristne meiner evolusjon er greitt, så lenge ein gjer rom for Gud i prosessen.

– Eg oppfattar det som dei fleste kreasjonistar i Europa går med på at jorda er gammal, og at livet har utvikla seg. Men dei meiner det er Gud, og ikkje det naturlege utvalet, som står bak utviklinga.



MENNESKET ER SKAPT I GUDS BILETE: Michelangelo sin «skapinga av Adam». (Foto: Scanpix)

Darwin?

Difor vert skytset retta mot «darwinismen» og dei som i dag skriv og talar for denne teorien.

I USA tilhøyrrer kreasjonistane i hovudsak kyrkjesamfunn som står for ein sosial konservatisme, der kampen mot avkristninga av samfunnet er ei viktig sak. Frå ein slik ståstad blir ei skapingsberetning som ikkje inkluderer Gud, lett til eit våpen i handa på motstandaren. Det gjer evolusjonsteorien likestilt med ateisme, som igjen fører til at sekularisering og ondskap

får gripe om seg i samfunnet. Mange kreasjonistar hevdar at evolusjonsteorien bryt ned respekten for Gud sin verdsorden, og å akseptere ein slik teori vil seie å akseptere ei verd utan moral, der egoisme og anarki blir belønna. Eksempel på tema er kvinnefrigjering, ekteskapsoppløysing, abort og homofili, men mange kreasjonistar hevdar også at darwinismen har skulda for fascismen, nazismen og kommunismen.

Dei nye ateistane

– Tilhengarane av evolusjon har nesten alltid stått på den liberale sida i politikken, og det gav eit signal om at dei som trudde på evolusjon, hadde andre verdiar. I byrjinga var det nok mange som brukte evolusjonsteorien til å legitimere eit opprør det beståande, trur Giske.

Det er altså ei vanleg oppfatting at evolusjonsteorien og religiøs tru ikkje går i hop. Oppfattinga er blitt styrka av rørsle som blir kalla «dei nye ateistane», der biologen Richard Dawkins er ein hovudfigur. Frå å ha skrive populærvitskaplege bøker om biologi der religion ikkje spelte noka stor rolle, er han dei seinare åra blitt kjend for å hevde at religion er irrasjonelt, og at biologisk kunnskap nødvendigvis vil leie til ateisme. Omslaget kom etter 11. september 2001: Dawkins meinte at hans eigen og andre sin misforståtte respekt for religionar hadde vore med på å legge grunnlaget for at handlingar som terroråaket i New York kunne bli utført i religionens namn. No måtte silkehanskane av, meinte Dawkins. Dermed er frontane mellom dei to fløyane ateistar og kreasjonistar blitt enno meir skjerpa.

Teologar for evolusjon

Samstundes har det store fleirtalet av kristne i den vestlege verda problem med å forstå konflikta. Pave Benedikt 16. uttalte i 2007 det ikkje var nokon motsetnad mellom evolusjon og gudstru, fordi evolusjonsteorien berre kan beskrive kva som skjer i naturen. Den er utan svar på dei store filosofiske spørsmåla om tilveret, og der er her religionen har si rolle. I USA har nær 12 000 prestar signert eit brev der dei hevdar at Bibelen må forståast som ei kjelde til religiøs innsikt, og ikkje til vitskapleg informasjon, og at evolusjonsteorien dermed ikkje står i vegen for ei kristen tru. Jarl Giske stadfestar dette inntrykket:

– Eg kjenner ikkje til nokon norsk teolog som meiner evolusjonsteorien er eit problem. Dei som meiner det, tilhøyrrer helst lågkyrkjelege miljø der Bibelen blir lese bokstavleg. I USA er det derimot fleire kreasjonistar som tilhøyrrer den ypperste intellektuelle eliten, og difor er det vanskeleg å forstå at dei sjølve trur på mange av påstandane dei set fram om evolusjonen. Ein kan berre gå ut ifrå at det er den bokstavtru gudstrua til amerikanarane som står på spel for dei, og det samfunnsynet dei trekker ut av dette bibelsynet. ■





EIT DEMONSK BAD: I denne buddhistiske versjonen er helvete ein varm stad der menneske blir kokt og spidda av demonar. Biletet er frå eit kloster i Tibet.

[TEMA RELIGION]

Dømt til evig pine

Blir huda utsliten i helvete får du ei ny, slik at du kan pinast litt til. Det er ikkje friminutt i det islamske helvete. Idéen om helvete finst i fleire religionar, og nyttast blant anna som maktmiddel for dei geistlege.

■ TEKST: GUDRUN URD SYLTE

Kvinner som heng etter tunga eller håret. Menn som får flytande metall helt ned gjennom strupa. Menn som vert tvinga til å ete sitt eige svidde kjøt.

Det er noko av det som møter profeten Muhammed på ei rundreise i det islamske helvetet. Teikningane er tyrkiske, frå 1400-

talet, og illustrerer at førestellinga om eit helvete ikkje er noko som berre høyrer kristendommen til. Idéen om ein straffestad ein kjem til etter sin død, finn ein i mange religionar. I tillegg til islam, jødedom og kristendom, finn ein slike førestellingar også i buddhismen, hinduismen og zoroastrismen.

– Idéen om helvete oppfordrar til religiøs fromheit og moralsk oppførsel. I kombinasjonen religiøs lojalitet og moral, er helvetesførestellingane dessutan eit maktinstrument for den religiøse eliten, seier Einar Thomassen, professor i religionsvitenskap ved UiB.

Tidsavgrensa helvete

Eit døme på helvete som maktmiddel, finn ein i katolisismen og hinduismen, der ein kan kjøpe seg fri frå pina. I katolisismen i middelalderen vart purgatoriet, skjærselden, innført som ein tredje stad. Skjærselden kan ein sjå på som eit tidsavgrensa helvete, ein opphaldsstad ein var ein viss periode før paradiset. Ved å betale for seg sjølv eller

slektningar kunne kyrkja halde dødsmesse for å forkorte tida her.

– Kyrkja fekk makt til å mildne straffa. Også i hinduismen kan ein mildne helvete ved å gje gaver til prestane, seier Thomassen.

I hinduismen og buddhismen vil gjerningane i dette livet vere med å forme det neste livet. I tillegg til ulike jordeliv, kan ein også hamne i ulike nivå av himmel og helvete. Det endelege målet er å frigjere seg frå runddansen med gjenfødning. I begge religionane fungerer frykta for helvete som ein oppmoding til religiøs fromheit. Medan ein kan kjøpe seg fri frå pinsler i hinduismen, fungerer det i følgje Thomassen meir som ei naturlov i buddhismen.

– Også i buddhismen finn ein fryktelege og groteske helvetesførestellingar, seier Thomassen.

Den kristne førestellinga om helvete kan ha blitt påverka austfrå, frå zoroastrismen i Iran og buddhismen.

Denne våren gjekk Thomassen av som redaktør for det internasjonale religions-

Helvete i kristendommen

- Eitt av dei første kristne skriftene med helvetesførestellingar er Peters apokalypse, truleg skriven i siste del av det andre hundreåret etter Kristus. Middelalderens helvetesførestellingar kjem frå denne og antikkens seinare kristne skrifter.
- Idéen om helvete finn ein ikkje i Det gamle testamentet. Det er først i Det nye testamentet førestellinga om helvete og førestellinga om lønn og straff i livet etter døden trer inn.
- Jesus' forteljing om Lasarus og den rike mannen er rekna som ei sentral forteljing om helvete. Denne historia rommar eit sosialt aspekt. Dei rike som ikkje deler med seg, vert straffa i helvete. Dei fromme, som Lasarus, får lønn i himmelen. Ei av gledene ved å komme til paradiset var at ein kan kikke ned på dei som vert straffa i helvete.
- Helvetet på hebraisk vart kalla Gehenna, det var eigentleg avfallsplatsen for Jerusalem.

Helvete i islam

- Det islamske helvete er ein eldfull stad, som er referert til som «elden», «den varme staden» eller *Jahannam*. Sistnemnde er utleidd frå det hebraiske Gê Hinnôm, Gehenna.
- Helvete spelar ei viktig rolle i Koranen og i seinare muslimsk litteratur. Det ligg ei spenning mellom oppfattinga av helvete som ein stad for ikkje-truande og som ein straffestad for syndarar. Desse perspektiva møtes i idéen om at vantru er den verste forma for synd.
- Helvete har sju portar der ein er reservert for jodar, ein annan for kristne. Helvete har også sju etasjar. I kvar etasje er det ulike avdelingar for ulike synder, med ulike avstraffingsmetodar.

vitskaplege tidsskriftet *Numen*. Det siste nummeret han redigerte er eit temanummer om helvetesførestellingar i ulike religionar, eit temanummer som spring ut av ein internasjonal helvetekonferanse som fann stad i Bergen for to år sidan.

– Gud bryt menneskerettane

I temanummeret ser forskarane mellom anna på kva funksjonar helvetesførestellingane kan ha. I fleire religionar har helvete ein oppdragarfunksjon og fungerer samstundes som ein trussel, ved å avskrekke folk frå å gjere syndige handlingar. I tillegg, særleg i kristendom og islam, kan det å ikkje tru, å vere vantru, gjere at ein ender i helvete. På denne måten fungerer helvete som ein måte å true folk til å omvende seg.

Thomassen peiker på at førestellinga om dei vantru har noko sekterisk ved seg. Det er alle dei andre som hamnar i helvete. Dette er noko som passar dårleg med dagens førestelling i den vestlege verda om pluralisme. Altså at folk skal få lov til å tru på det dei vil, slik det er felt ned i menneskerettane. Nettopp tanken om pluralisme, meiner Thomassen er ei av årsakene til at førestellinga om helvete har hamna i bakgrunnen i dagens kristendom.

– Kristne leiarar i dag vert forlegne når det er tale om helvete. Det lar seg ikkje foreine med menneskerettar. På ein måte kan ein seie at Gud bryt menneskerettane, seier Thomassen spøkefullt.

Underholdningseffekt

I forteljingane om helvete møter ein blod, gørr, og skrekkinngytande scener med djevar og demonar som gjer forferdelege ting med kroppane til folk. I dei ulike religionane sine versjonar av helvete, finn ein mange liknande typar pinsler ein vert utsett for.

Det er den fysiske pinen, der ein vert pint på kroppen. Det vere seg å blir spidda, bli stekt, bli pint i kokande vatn. Ein kan bli hengt opp etter krokar, tvungen til å ete djevlehovud, slanger og edderkoppar. Ein kan tvingast til å drikke kokande vatn og flytande metall.

– I det islamske helvete kan huda bli utsliten av pinslene. Men då får du ny hud, slik at du kan bli pint vidare, seier Thomassen.

I tillegg til fysisk lidning kan ein også møte psykiske pinsler. Ein kan til dømes hamne i totalt mørkre, der ein berre høyrer sukk og klage og ser ingenting. Ei pine som spelar på kjensla av einsemd i mørkret.

Dantes *Inferno*, meiner Thomassen kan vere mest inspirert av dei islamske helvetesforteljingane, der helvete er organisert i ulike etasjar og avdelingar og straffa varierer etter ulike typar synd. Dei groteske og fryktingytande helvetesskildringane som er felles for dei store religionane kan i seg sjølv minne om dagens skrekkefilm og skrekklitteratur.

– Helvetesførestellingane kan absolutt ha vore skrekkinngytande underholdning. Kan hende treng me å bli litt oppskaka innimellom, spør Einar Thomassen.

Å godte seg på andre sin kostnad er ikkje noko som vanlegvis vert framheva som ein religiøs dyd. Men i dei gamle helvetesførestellingane er ei av gledene ved å komme til paradiset, nettopp det at ein kan kikke ned på dei som vert pint til evig tid. ■

MUHAMMED PÅ RUNDREISE: Dei tyrkiske teikningane er frå 1400-talet, og viser profeten Muhammad på rundtur i helvete. I islam er helvete ein eldfull stad.



SPIDDA: Demonar som har kome med falske skuldningar vert spidda.

PRISEN FOR Å BAKTALE: Dei som baktaler vert tvungne til å ete sitt eige kjøt.

SKRAVLETE KVINNER: Kvinner som ikkje har tagd stille blir hengt etter tunga.



«Moderne kjætterbaal. Biskop Tandberg faar i denne tid føle de ortodokse kirkeførers vrede.» Dette er biletteksten i tidsskriftet Karikaturen nr. 5/1920. Ibiskop Jens Frølich Tandberg var nyleg blitt tilsett som leiar for Menighetsfakultetet forstandarskap, etter at han hadde stilt seg open for forsonande samtaler med den liberale fløyen. Ole Hallesby kan skimtast i midten bakarst.

Dei naudsynte kjettarane

Kyrkja forfølgde kjettarane på brutalt vis, men har trengt kjetteriet for å definere kristendommen.

■ TEKST: ÅSNE HAGEN

– Ofte er det dei annlestenkjande som har gjort det naudsynt for kyrkja å setje ord på kva den meinte var den rette lære, seier Tomas Hagg. Han er professor emeritus i klassisk filologi ved UiB og redaktør for antologien *Kjetterne og kirken* (SAP/ Spartacus 2008).

Boka spring ut av forskingsprosjektet «Vei og villstrå» ved UiB. Dialektikken mellom kyrkja og dei andre – kjettarane – går som ein raud tråd gjennom artikkelsamlinga, der eit knippe forskarar har teke for seg kjettarstridar gjennom historia.

Slutt på mangfaldet

I den gresk-romerske antikken herska langt på veg ein religiøs og filosofisk pluralisme,

der ulike sekter eller «skular» eksisterte side ved side.

– Statsmakta utviste ei høg grad av toleranse for den einskilde sitt livssyn, i kvert fall så lenge autoriteten til statsmakta sjølv ikkje vart truga. Bestemte ritual skulle følgjast, men kva folk meinte om gudane og etterlivet eller i moralske spørsmål var ikkje gjenstand for kontroll eller forfølging, presiserer Hagg.

Med keisar Konstantin sitt toleranse-edikt frå år 313 vart kristendommen offisielt tillaten i det romerske imperiet. Frå år 380 stod den endåtil att som einaste tillatne religionsform, medan tradisjonell gresk-romersk kult vart forboden.

Kristendommen representerte noko nytt. Med sine heilage skrifter, sine trusreglar og si lære braut den med synet på politiske og filosofiske meiningskilnader som rådde i antikken.

– Ordet «heresi», med tydinga tanke-retning eller sekt, vart fylt med eit nytt og negativt innhald, som avvik eller kjetteri. Det vart utvikla ein fast kjettarretorikk som me kan følge gjennom mellomalderen og til i dag, seier Hagg.

Taparen vart kjettar

Kjettarane har spelt ei viktig rolle i kyrkja si utvikling av eiga lære. Truvedkjenningane frå oldkyrkja vart til dømes formulerte i direkte polemikk med gnostisk «vranglære». Tomas Hagg trekk fram understrekinga av at Gud er ein og skapar av himmel og jord. Dette er ei gjendring av gnostikarane si oppfatting om at ein lågare Gud har skapt verden.

Kjettarhistoria er òg ein dragkamp om makta til å forkjetre andre. Eit døme er korleis dei protestantiske reformatorane gjekk til åtak på den «kjettarske» helgen- og biletdyrkinga i den katolske kyrkja, ein institusjon som sjølv hadde merka Martin Luther som kjettar.

– Gjennom historia har det vore vanleg at dei verdslege maktthavarane har gripe inn i teologiske strider og støtta den eine eller andre parten, for å bevare «einskapen» i kyrkja. Då har den tapande parten si lære gjerne blitt stempla som kjettarsk, mens lære til den som sigra er blitt kalla ortodoks, seier Hagg.

Han peiker på at den same mekanismen gjer seg gjeldande også internt i kyrkja, som i eit bispekollegium eller ei lærenemnd,

sjølv om språkbruken no til dags er meir tilsørande.

– Dei som har fleirtalet eller har makta på anna vis definerer kva som er den rette læra og kva som er vranglære, med støtte i si eiga tolking av skrift og tradisjon.

Sikra egne privilegium

I tida frå 1000-talet til 1600-talet vart mange brennd på kjettarbål, og inkvisisjonen vart oppretta av pavekyrkja som ein reiskap for å kue meiningsmotstandarar. Kjettarjakta har gjerne tent etablerte maktstrukturar.

– Kyrkja og staten har ofte hatt felles interesse av å verne om status quo. Historia er full av uhellige alliansar mellom pave og keisar, mellom kyrkjefyrstar og kongar, biskopar og adelsmenn, seier Hagg. Han nemner den blodige forfølginga av katarane i Sør-Frankrike i mellomalderen som eit døme på slik samanblanding av teologi og politikk.

Mange viktige kjetteri var eigentleg opprør mot hierarkiet og livsstilen til kyrkjeleiarane. Det å skulde politiske uromoment for kjettarskap var ein måte å forsvare privilegia sine på.

– Utryddinga av tempelriddarane sin munkeorden, med inkvisisjonen si medverking og groteske skuldningar mot riddarane for «sodomi», hadde langt på veg økonomiske motiv. Den franske kongen ønska å få herredømme over tempelriddarane sine formuar og eigedomar.

Syndige Sodoma

Heilt sidan antikken har religiøst og seksuelt avvik to sider av same sak i kjettarretorikken. Dette kan me kjenne att i hekseprosessane frå tidleg nytid, der mange

vart skulda for seksuelle utskelingar og omgang med djevelen.

Jostein Børtnes, professor emeritus i russisk litteratur ved UiB, viser til at den retoriske koplinga mellom etnisk-religiøs og seksuell grenseoverskriding har røter i Det gamle testamentet.

– Dei israelittane som gifta seg med kvinner frå framande stammer vart systematisk forfølgde og utrydda, både dei og kvinnene deira, seier Børtnes.

– Dette er eit grunnmønster ein kan følgje vidare. Ei dominerande samfunnsgruppe står i motsetnad til ein minoritet som vert konstruert som religiøse og seksuelle avvikarar.

Den greske kulturen godtok og endåtil hylla homoerotiske band. For jødar i diaspora og leiarar i den tidlege kristne kyrkja vart «synda i Sodoma» difor eit retorisk våpen i kampen mot gresk kultur, sjølv om forteljinga frå Bibelen ikkje har noko med kjærleik mellom menn å gjere. I staden er den eit døme på menn si massevaldtekt av andre menn for å feminisere og dermed fornede framande.

– Jødiske leiarar som Filon av Aleksandria og kristne som Johannes Khrysostomos utnytta myten om at Sodoma sine menn hadde sex med kvarandre. Dei brukte dette i ein hatretorikk retta mot *dei andre*, men òg mot dei av sine egne som stod i fare for å gå over til den andre sida.

New Age-kjettarar

Framveksten av New Age i vår tid får evangeliske og konservative protestantar til å frykte ei okkult samansverjing. I bøker og pamflettar åtvarar dei mot farane ved New Age gjennom aggressiv polemikk. Lisbeth

Mikaelsson, professor i religionsvitenskap ved UiB, meiner nytidsreligiositeten utfordrar kristendommen på fleire punkt.

– New Age er meir orientert mot at den einskilde sjølv definerer kva religion eller spiritualitet skal vere for ho eller han. Den er òg mindre autoritær og dogmatisk, og manglar den sterke dualismen mellom Gud og Satan, synd og frelse. Mange vert tiltrekte av at New Age finn guddommen i mennesket sjølv. Samstundes legg New Age meir ansvar for den andeleg utviklinga på kvar einskild. ■

Kjelde: *Kjetterne og kirken*, red.: Tomas Hagg, Scandinavian Academic Press/Spartacus 2008

[FAKTA]

Kjetteri

- Omgrepet «kjettar» kjem av det greske ordet *katár*, som var namnet på medlemar av den mest kjende og radikale av retningane som utfordra kyrkja i mellomalderen.
- Engelsk «heretic» for kjettar og «heresy» for kjetteri kjem frå det greske ordet *haíresis*. Opphavleg var *haíresis* eit nøytralt omgrep med tydinga tankeretning.
- Justin Martyr, ein tidleg teolog som levde rundt år 150, kan reknast som opphavsmann til kjetteriomgrepet slik me kjenner det i dag.

Giftig oppslagsverk

Storverket *Panarion*, «Medisinskrinet», vart skriva rundt år 370 av biskop Epifanios i Salamis på Kypros. Det var meint som eit arsenal av middel mot kjetteri, og tok føre seg alle dei kjende religiøse og filosofiske retningane på den tida.

Omfattande kjetteriskildring

– Spesielt for Epifanios er det ein kan kalle det utvida kjetteriomgrepet, seier Ingvild Sælid Gilhus, professor i religionsvitenskap ved UiB. Ho meiner at Epifanios har hatt mykje å seie for utviklinga av kjettarkatalogen som sjanger.

– Ingen hadde tidlegare skriva ei så omfattande kjetteriskildring som Epifanios. Han er ein viktig talsmann for det som

kan kallast kjettarparadigmet i skiltringa av religiøst mangfald. Alle religionar og religiøse retningar utanom hans eigen vart sett på som vranglære.

Viktig, men problematisk

Heile åtti ulike livssyn er katalogiserte i *Panarion*. Såleis er dette ei spennande kjelde til eit ortodokst syn på kristent og ikkje-kristent mangfald mot slutten av det fjerde hundreåret.

Samstundes må ein ta Epifanios med ein klype salt når han til dømes skriv om korleis borborittane aborterer born og et dei i rituelle måltid.

Det er vanskeleg for forskarane å vite kva som er historisk korrekt og kva han

mistolkar eller medvite forvengjer.

Rett lære som motgift

Ved sidan av å peike ut kjetterske livssyn, tilbakeviste Epifanios trussetningane deira og stilte opp rettruande alternativ. *Panarion* skulle vere motgift for dei som var bitne av kjetteri, og dessutan verke førebyggjande på dei som enno ikkje var ramma av gifta.

– Det viktigaste grepet til Epifanios var å samanlikne alle religionsvariantar utanom den ortodokse kristendommen med spesifikke dyr, særleg slanger, og skildre dei deretter, seier Gilhus.

I *Panarion* er dei giftige slangane eit bilete på korleis kjetteriet forgiftar dei truande. ■

Religion i retur

I dag er New Age-lignende bevegelser på full fart tilbake blant den indiske middelklassen.

■ TEKST: INGER LISBETH ØDESNELTVEDT
■ FOTO: SCANPIX

I 1920 reiste Swami Yogananda fra India til USA for å lære amerikanerne om yoga og meditasjon. I dag er New Age en markant trend innenfor indisk religiøsitet. Gamle meditasjonsteknikker har forflyttet seg via Vesten og tilbake til India.

Sosialantropolog Kathinka Frøystad kaller det returglobalisering. I sin forskning har hun sett på hvorfor denne vestlige versjonen av hinduistiske tankemønstre og ritualer er blitt så populær, spesielt blant den urbane og raskt voksende indiske middelklassen.

Frisone

På 90-tallet bodde Frøystad hos en tallrik middelklassefamilie i Nord-India. De hadde, som så mange andre, sitt eget tradisjonelle hindu-tempel i huset.

– De tre kvinnene i huset var konservative høykastekvinner som knapt kunne gå i nabolagstempleet uten mannlig eskorte. Senere fortalte den yngste av dem at hun hadde tatt en master i reiki-healing og fått nye bekjenskaper gjennom dette. Hun hadde funnet et nytt fellesskap – en frisone som var tilstrekkelig respektabel til at familien lot henne være alene der, forteller Frøystad.

Etter at kastediskriminering ble forbudt og lavkastene fikk adgang til de offentlige

templene, søker mange fra høykastene seg til mer lukkede religiøse fellesskap. Mange er fremdeles redde for å bli besudlet dersom de har for tett kontakt med lavkaster. Ifølge Frøystad gjelder dette kanskje spesielt kvinnene.

– Begge kjønn tiltrekkes av New Age, men kanskje av litt ulike grunner. Kvinnene finner her et respektabelt religiøst rom, mens mennene oppsøker disse nye religiøse bevegelsene først og fremst på grunn av press i arbeidslivet, sier hun.

Stressmestring

På begynnelsen av 90-tallet åpnet India sin økonomi og det indiske næringslivet ble mer internasjonalt. For å få bukt med kastediskrimineringen, økte Staten i samme periode jobbkvoten for de lavere kastene innenfor statsadministrasjonen og det ble færre jobber igjen til personer fra høyere kaster. De søkte seg dermed over i det private hvor forholdene var tøffere.

– De nye spirituelle bevegelsene som tilbyr selvutviklingsteknikker for å bekjempe stress og øke arbeidskapasiteten, passer godt for folk med altoppslukende jobber i privat sektor. Her kan de møtes for å lytte til guruer, synge sanger og utøve pusteteknikker, meditasjon eller yoga, forteller Frøystad.

Fremmedgjøring

Økt fokus på privat næringsliv i India siden 90-tallet har også gjort mange svært ambisiøse.

– Stadig flere sender barna sine på private engelskspråklige skoler slik at de lærer engelsk bedre enn hindi. En rekke gamle guruer kommuniserer derimot en hindi som kan være nokså formell, og mange faller ut i møte med dem.



